

## Gudbrandsjuvet

Juvel er spektakulært frå naturen si side. Tilrettelegginga med rullestolvennleg gangveg frå parkeringa til plattformene over elva gjer området tilgjengeleg for dei fleste.

Eit minus for rullestolbrukarar er overgangen frå gangvegrampen til vegen mot sørvissenteret. Her er underlaget for dårleg for rullestolar. Er ein avhengig av rullestol og skal bruke toaletta bør ein der- for parkere midlertidig nede ved toalettuset (per 2016).

Frå parkeringsplassen kan du krysse hovudvegen og gå turvegen gjennom kulturlandskapet heilt til Rem. Det er også flott å gå stiane forbi Olavskjelda og gjennom Skjervsura og langs elva og gamle- vegen tilbake. Mange segner om Olav Haraldsson (Heilag Olav) fortel om då han flykta gjennom Valldal i 1028/1029. Ei av dei er at han laga veg gjennom Skjervsura. Nokre informasjonstavler i området fortel meir. Turen frå Rem og gjennom Skjervsura til Grønning er ein del av pilegrimsleia Valldal - Dovrefjell – Nidaros

## Andre turmål

Juvel Landskapshotell ligg like ved, men dette er privat område som berre er ope for gjestar som bur på hotellet.

## Parkering og buss

Det er parkeringsplass ved Gudbrandsjuvet.

Næraste busshaldeplass er Myra eller Rem. For oppdaterte bussruter gjer vel og sjekk: [www.frammr.no](http://www.frammr.no) eller ring 177.

## Kulturminne

Historia om Heilag Olav er spennande og vel verd å lese og undre seg over. Det er eit historisk faktum at han reiste gjennom Valldal i eit kort tidsrom før slaget på Stiklestad (1030). For meir informasjon om kulturminne sjekk: [www.kulturminnesok.no](http://www.kulturminnesok.no).

## Turtips:

[www.friluftsradet.no](http://www.friluftsradet.no)  
[www.morotur.no](http://www.morotur.no)  
[www.godtur.no](http://www.godtur.no)

*Turkorta til friluftsrådet kan lastast ned som pdf-filer frå [www.friluftsradet.no](http://www.friluftsradet.no)*

## Utgitt med støtte frå:

- Friluftsrådenes Landsforbund
- Møre og Romsdal fylkeskommune



Layout/trykk: Jons Kontor AS, Foto: Kirsti Linge Stakkestad, Merete Løvøll Rønneberg, Malin Ytterhaug Giske og Bjørg Sæstren.

# Gudbrandsjuvet – Rem

Gudbrandsjuvet er eit spektakulært elvejuv med trange og luftige formasjonar og stor fart på vatnet i elva. Området er ein populær turistattraksjon og har status som Nasjonal Turistveg. Den arkitektheikna og rullestolvennlege gangvegen og utsynspunkta gir god nærkontakt med juvet. Der er også besøkscenter og toalett.



Parkering



Buss



Snu



Turveg – gul



Sti –

kvitstipla



Vandring på bilveg



Toalett



Attraksjon

**TURKORT!** Turkort er ein serie minifaldarar om gode turmål gitt ut av Sunnmøre friluftsråd. Dette turkortet er trykt i 2016.



## Gudbrandsjuvet

